



Styre
Universitetsstyret

Arkivreferanse
2025/6173
Styresak
88/25

Dokumentdato
20.10.2025
Møtedato
31.10.2025

VEDTAKSSAK

Politikk for immaterielle rettar (IPR) ved Universitetet i Bergen

Tilvising til bakgrunnsdokument

- [Rapport om revisjon av politikk og reglement for immaterielle rettar ved UiB](#)
- [Reglement om håndtering av ansattes rettigheter til forsknings- og arbeidsresultater ved Universitetet i Bergen](#)
- [Rettighetspolitikk ved Universitetet i Bergen, 2009](#)

Saka gjeld

UiB ønsker å sikre at forskning kommer samfunnet til gode, samtidig som forskernes, studentenes og institusjonens interesser ivaretas. UiBs *Reglement om håndtering av ansattes rettigheter til forsknings- og arbeidsresultater ved Universitetet i Bergen* er 15 år gammalt, og treng ei tilpassing til nyare utvikling på kommersialiseringsfeltet. I februar 2024 blei difor ei arbeidsgruppe oppnemnd for å revidere delar av politikken. Grappa leverte *Rapport om revisjon av politikk og reglement for immaterielle rettar ved UiB* i oktober 2024.

I denne saka får universitetsstyret til handsaming ein revidert politikk som byggjer på arbeidsgruppas rapport og høyringsinnspel. Den nye politikken styrkar insentiva forskarane og fagmiljøa har for å drive med innovasjon, og klargjer viktige punkt i arbeidet med å skape samfunnsnytte av forskinga.

Universitetets nye politikk for immaterielle rettar inneheld desse hovudpunkta:

- Det er eit overordna mål for universitetet å bidra til eit betre samfunn gjennom innovasjon på ulike felt, og slik gjennomføre UiBs strategi og nasjonale mål.
- Politikken klargjer at han gjeld alle arbeidsresultat, men som før med unntak for vitskaplege publikasjonar, lærebøker, undervisningsmateriell og liknande.
- Politikken gir ekstra insentiv til å drive med innovasjon for oppfinnarar og fagmiljø gjennom ein revidert fordelingsnøkkel av inntektene. Dette vil kunne bidra til meir innovasjon, på same tid som det balanserer omsynet til samfunnsinteresser og private interesser.
- Politikken gir klare retningslinjer for prosjekt som blir terminerte utan å bli kommersialiserte.

Forslag til vedtak

1. Universitetsstyret vedtek ny politikk for immaterielle rettar (IPR) ved Universitetet i Bergen.

2. Universitetsstyret gir universitetsdirektøren i oppdrag å utforme nytt reglement for immaterielle rettar ved Universitetet i Bergen, bygd på den vedtekne politikken.
3. Styret tilrår at det blir utarbeidd ein rettleiar for kommersialisering ved Universitetet i Bergen.

Tore Tungodden
universitetsdirektør

20.10.2025/Dag Hellesund/Eivind W. Heitmann/Katrine Utaaker Segadal/Alette Gilhus Mykkeltvedt
(avd. dir.)

Vedlegg:

1. Saksframstilling
2. Politikk for immaterielle rettigheter (IPR)

Saksframstilling

Styre
Universitetsstyret

Styresak
88/25

Møtedato
30.10.2025

Politikk for immaterielle rettar (IPR) ved Universitetet i Bergen

Bakgrunn

UiB ønskjer å sikre at forskning kjem samfunnet til gode, samstundes som interessene til forskarane, studentane og institusjonen vert ivaretekne. Rettigheitspolitikken til UiB blei vedtatt i 2009, og Reglement om håndtering av ansattes rettigheter til forskings- og arbeidsresultat kom i 2010. Etter den tid har det skjedd store endringar i UH-sektoren, som verkar inn på handteringa av dei immaterielle rettane.

Det blei difor sett ned ei arbeidsgruppe i 2024 for å gå gjennom både politikk og reglement knytt til mellom anna kommersialisering, inntektsfordeling, samarbeid med andre institusjonar, studentinnovasjon og open vitskap og innovasjon.

Arbeidsgruppa levererte i oktober 2024 *Rapport om revisjon av politikk og reglementet for immaterielle rettar ved UiB*. Rapporten foreslår ein del endringar i politikken til UiB, mellom anna ved å gi sterkare insentiv for kommersialisering av forskingsresultat. Arbeidsgruppa har gått inn for ei godtgjering av tilsette i tre trinn, ved at oppfinnar, fagmiljø og institusjon får ulik godtgjering, avhengig av kor store inntektene er frå dei immaterielle rettane.

Etter innspel frå fakulteta i høyringsrunden er forskingsmiljøa i større grad tilgodesett enn i forslaget frå arbeidsgruppa. Sistnemnde gjekk inn for at oppfinnaren skulle få alle inntektene opp til éin million kroner, men etter innspel er dette justert i politikken til at oppfinnaren og instituttet deler inntektene opp til éin million kroner. For inntekter over éin million gjeld tredelingsmodellen.

Etter ønske frå universitetsstyret i første gongs handsaming av saka 8.5.2025 vil det her blir gjort greie for forholdet mellom insentiv for einskildforskarar og fagmiljø, og korleis ein sikrar at UiBs samfunnsoppdrag om å bidra med kunnskapsoverføring til samfunnet blir ivaretatt på ein balansert måte. Det følgjer og ei oversikt over dei juridiske rammene.

Innhaldet i UiBs politikk

Den nye politikken aukar godtgjersla til forskarar og fagmiljø ved at ein endrar fordelinga for inntekter opptil 1 million kroner. Tidlegare har ein følgd tredelingsmodellen, med unntak av dei første 100 000 kronene, som har blitt delte likt mellom oppfinnarar og institutt. Med ny politikk vil oppfinnarane og instituttet dele inntektene 50/50 opp til éin million kroner. Få prosjekt har lisensinntekter på over 1 million kroner.

Endringa er strategisk forankra i UiBs mål om å styrke innovasjonskulturen og stimulere til auka deltaking i kommersialiseringsarbeid. Ved å tilby betre økonomiske insentiv, ønskjer ein å motivere fleire forskarar til å utforske moglegheitene for kommersialisering av forskingsresultat og gjennom det bidra aktivt i utviklinga av nye løysingar med samfunnsverdi.

Dei økonomiske insentiva er balanserte, ved at både forskar, fagmiljø og institusjon får del av inntektene ved suksessfulle kommersialiseringar. Dette er mellom anna viktig for at fakulteta skal oppmode forskarane sine om å bruke tid og ressursar på å forsøke å kommersialisere forskingsresultat. Sidan universitetet gjennom offentlege midlar investerer betydelege ressursar i utvikling og støtte av kommersialiseringsprosjekt, er det rimeleg at institusjonen beheld ein del av inntektene ved større kommersiell suksess.

Politikken regulerer ikkje UiBs eigarskap i oppstartsselskap. Slike vurderingar blir gjort av VIS ut frå kommersielle omsyn. Forskarar kan eige opptil 100 prosent av aksjane i oppstartsselskap dei er involverte i, mens bruken av immaterielle rettar blir regulert gjennom ein lisensavtale.

Dersom arbeidsgivar ikkje ønskjer å prøve, eller ikkje lukkast med å kommersialisere eit arbeidsresultat, hadde UiB tidlegare som politikk å likevel behalde rett til 1/3 av nettoinntektene frå salet av dei immaterielle rettane. I tråd med tilrådingane frå arbeidsgruppa vil UiB i den nye politikken ikkje krevje nokon del av inntektene frå eit arbeidsresultat i slike tilfelle. Bakgrunnen for dette er at det kan gi meir samfunnsnytte og innovasjon frå forskinga, og at det i mange høve vil vere urimeleg å krevje del av eventuelle inntekter etter at eit profesjonelt apparat av forretningsutviklarar ikkje har lukkast med å kommersialisere prosjektet.

Studentane eig sine eigne immaterielle rettar. Men i til dømes eksternfinansierte prosjekt, eller når studentar får vesentleg hjelp av tilsette, må fordelinga av immaterielle rettar regulerast i avtale. Dette skal òg sikre at studentar får like gode rettar som tilsette der dei deltek i kommersialiseringsprosjekt.

Juridiske rammer

Arbeidstakeroppfinnelsesloven slår fast at arbeidsgivar har eigedom retten til patenterbare oppfinningar mot ei rimeleg godtgjering for arbeidstakar.

Fram til 2003 fanst det eit unntak for vitskapleg tilsette ved universitet og høgskular – det såkalla lærarunntaket (også kjent som *professor's privilege*) – som innebar at forskarar sjølv eide rettane til oppfinningar dei gjorde som ein del av forskinga si.

Bakgrunnen for lovendringa i 2003 var eit ønskje om å auke bruken av oppfinningar som har utspring i forskning ved universitet og høgskular, og styrke kunnskapsoverføringa frå kunnskapssektoren til næringslivet. Det blei særleg lagd vekt på at institusjonane skulle engasjere seg i kommersialiseringsprosessar. Endringa likestiller òg forskarar og undervisarar med tilsette i andre sektorar.¹

At både NFR og EU krev at forskingsinstitusjonane har eigarskap til prosjekresultata, slik at desse kan nyttiggjerast samfunnet der det er aktuelt, var òg eit argument for endringa.

Etter lovendringa var det eit ønskje om eit felles, nasjonalt regime for handtering av immaterielle verdiar, og Universitets- og høgskulerådet (UHR) utarbeidde ein felles rettigheitspolitikk for norske universitet. Denne blei vedtatt av UiB-styret i sak 2006/3884. Politikken tilrådde mellom anna 1/3 av nettoinntektene til oppfinnar.

Internasjonalt utsyn

Dei fleste industrialiserte land har lover som gir arbeidsgivar rett til patenterbare oppfinningar gjort i samband med arbeidet. Tilsette med forskning og undervisning som hovudarbeidsoppgåver har hatt unntak frå denne regelen i ei rekke land. Men etter at lærarunntaket vert avskaffa gjennom ei lovendring i USA i 1980 har dei aller fleste industrialiserte land følgd etter, med Sverige som eit unntak. For Tyskland, Austerrike, Danmark, Finland og Norge blei endringa gjord på 2000-talet. Ved Europas leiande innovasjonsuniversitet varierer godtgjersla til oppfinnarane for det meste mellom 25 og 50 prosent.

Forskiingslitteraturen gir ikkje ei eintydig vurdering av korleis endringar i rettstilstanden (som fjerninga av lærerunntaket) og institusjonell IPR-politikk påverkar kommersialisering av forskning. Ein del forskingsfunn peiker mot at fjerning av lærarunntak i Europa har vore negativt for kommersialisering²³. Annan forskning konkluderer med at denne endringa har hatt lite å seie for bruken av patenterbare forskingsresultat i industrien⁴. Nyare forskning rundt innovasjon og kommersialisering peikar på at dette er langt meir samansette prosessar enn at dei kan styrkast gjennom økonomiske insentiv aleine. Forskarar er ofte meir motiverte av faglege interesser og sosialt engasjement enn av økonomisk utbytte, og institusjonelle rammer kan både fremje og hemme samhandling med næringslivet.⁵

Nasjonalt utsyn

Ved norske UH-institusjonar er tredelingsmodellen hovudregelen. Ved UiO får oppfinnar 1/3 av nettoinntekter, uavhengig av sum. Resten av inntektene blir fordelte på institusjonen etter storleiken på beløpet. Ved NTNU blir nettoinntekter opptil 500 000 delt 50/50 mellom oppfinnar og fagmiljø. Deretter får oppfinnar 1/3 av nettoinntektene, mens institusjonen deler resten, avhengig av storleiken på inntektene.

VIS' arbeid med kommersialisering

VIS er UiBs teknologioverføringskontor, og har fått delegert oppgåva med å gjere kommersielle vurderingar i kommersialiseringsarbeidet til UiB. Spørsmål som prissetjing av kommersialiseringssjakt og eigarskap i nyoppretta selskap er handsama av VIS ut frå marknadsmessige vilkår, og blir ikkje regulert av UiBs politikk for immaterielle rettar.

Den føretrekte forma for bruk av immaterielle rettar som kjem ut frå forskinga er lisensiering, der eit eller fleire selskap betaler for å kunne bruke teknologi utvikla ved universitetet. Unntaksvis blir teknologien òg seld. Lisensinntekter er sjeldan svært store, og i løpet av dei ti siste åra har dei berre unntaksvis vore over 1 million kroner per sjakt.

Eigarskapen til UiB i oppstartsselskap er ikkje regulert i politikken for immaterielle rettar, og forskarar som startar opp eit selskap basert på UiBs teknologi kan ha opptil 100 prosent av aksjane. Dette er det lagt opp til i VIS' nystarta TILT-program for forskarar som ønskjer å etablere egne selskap.

Oppfølging

Universitetsdirektøren vil etter vedtak i saka utarbeide eit oppdatert reglement basert på den nye politikken, samt ein rettleiar til bruk for instituttleiarar og andre i arbeidet med å skape samfunnsnytte av forskingsresultat.

Universitetsdirektøren sine kommentarar

Å bidra med kunnskap som formar samfunnet er UiBs ambisjon og strategi. Ved å bruke forskingsresultat til å skape samfunnsnytte gjennom innovasjon kan universitetet på ein god måte fylle sin del av samfunnsoppdraget.

Den nye politikken gir sterkare insentiv til forskarar og fagmiljø. Den klargjer punkt i kommersialiseringsarbeidet, noko som gir førehandsvisse for aktørane. Det gjer det lettare for næringsliv og andre å samarbeide med universitetet om å skape resultat.

UiB har ambisjonar om å auke innovasjon i breidda av våre fagmiljø. I løpet av våren 2026 vil styret få seg førelagt ei sak til drøfting som nærare gjennomgår dei ulike verkemidla UiB og fagmiljø nyttar i arbeidet med innovasjon.

20.10.2025/Dag Hellesund/Eivind W. Heitmann/Katrine Utaaker Segadal/Alette Gilhus Mykkeltvedt
(avd. dir.)

Politikk for immaterielle rettar (IPR) ved Universitetet i Bergen

1. Mål for politikken for immaterielle rettar (IPR) ved Universitetet i Bergen

UiB har som del av strategien å overføre kunnskap og ny bruk av forskning til samfunnet gjennom nye teknologiske løysingar, tenesteinnovasjon og sosial innovasjon. Kommersialisering av forskingsresultat er ein viktig måte å nå dette målet på.

Politikken har som mål å ivareta rettane til UiB og dei tilsette, og gi våre fagmiljø og tilsette insentiv til å aktivt bidra til at forskning og kunnskap dei utviklar, tas i bruk gjennom innovasjon og kommersialisering der dette er hensiktsmessig. Dette krev klart definerte roller og ansvar både internt og i forhold til våre samarbeidspartnarar. I fagmiljøa er rolla til instituttleiariar særleg viktig. Innovasjonsarbeidet må vere transparent, og gi førehandsvisse for tilsette og andre aktørar.

UiB ønskjer å skape ein god innovasjonskultur, som vektlegg både samfunnsnytte og kommersialisering, ved å gjere resultatane av forskinga tilgjengelege for samfunnet. Ein god innovasjonskultur får ein ved å kombinere kompetanse, ferdigheiter, haldningar og verdiar, slik at fagmiljø får fram «noko nytt og nyttig som blir nyttiggjort».¹

Denne politikken gjeld eigarskap og korleis immaterielle rettar skal forvaltast av UiB. Forskingsresultat representerer store immaterielle verdiar som kan utnyttast i kommersiell verdiskaping og til gode for samfunnet. Forvaltning av immaterielle rettar må derfor skje på ein heilskapleg måte, kor ulike omsyn blir vurdert og veid mot kvarandre. Det er eit mål for politikken at andre verksemdar skal sjå på UiB som ein attraktiv samarbeidspartnar. UiB legg og til rette for open innovasjon der dette gir mest nytte til samfunnet.

2. Rettslege rammer

Innovasjon og verdiskaping basert på resultat frå forskning og fagleg og kunstnarisk utviklingsarbeid, er ei av dei lovpålagde oppgåvene til eit universitet.

Ei rekkje rettskilder set rammene for immaterialrettspolitikken til UiB. Blant desse er:

- [Universitets- og høgskoleloven](#)
- [Arbeidstakeroppfinnelsesloven](#)
- [Åndsverkloven](#)
- [Reglement om statlige universiteter og høyskolars forpliktende samarbeid og erverv av aksjer \(F-07-13\)](#)
- [Retningslinjer for registrering av ansattes sidegjøremål og offentliggjøring av disse](#)
- Reglene om statsstøtte i EØS-avtalen del IV, kapittel 2
- Relevante reglement ved UiB, slik som [Politikk for åpen vitenskap ved Universitetet i Bergen](#)
- Avtaler inngått med tredjepartar, slik som finansieringskilder for forskning
- Ulovfesta rett, til dømes reglar om lojalitetsplikt i kontraktsforhold og overgang av rettar til arbeidsresultat frå arbeidstakar til arbeidsgivar

Immaterielle rettar er av ikkje-materiell karakter, ofte i form av ein einerett til å utnytte verdien. Ein kan skilje mellom industrielle rettar som patent-, design- og merkevarerett, samt knowhow og

forretningshemmelegheiter, og opphavsrettar til åndsverk som tekstar, foredrag, film, musikk, kart, bilete, datamaskinprogram og anna.

Utgangspunktet for mange immaterielle rettar er at den personen som skapar verdien òg har retten til å nytte denne. Men for personar som er tilsette har arbeidsgivar rett til å få resultatet av arbeidet overført til seg. Det generelle synspunktet for opphavsrett er formulert slik at arbeidsgivar «*vinner den rett over åndsverket som nødvendig og rimelig, hvis arbeidsavtalen skal nå sitt formål, men heller ikke mer*».²

3. Omfanget av politikken for immaterielle rettar

3.1 Kven er omfatta?

Alle tilsette ved Universitetet i Bergen er omfatta av denne politikken.

Studentar eig sine egne arbeidsresultat og er i utgangspunktet ikkje omfatta, sjå kapittel 7.

3.2 Kva er omfatta?

UiB krev i utgangspunktet overgang av retten til alle arbeidsresultat som har eit kommersielt potensial, men med unntak for forskingsartiklar, faglitterære framstillingar, andre litterære og kunstnariske verk, og dei fleste former for undervisnings- og formidlingsmateriale. Sjølv om arbeidsgivar kan krevje rettane til dei tilsette sine arbeidsresultat, må dei tilsette sikrast gode insentiv til å vere med på å vidareutvikle idear basert på dei immaterielle rettane.

3.3 Meldeplikt for arbeidsresultat

Tilsette har plikt til å varsle arbeidsgivar skriftleg om arbeidsresultat som kan nyttast kommersielt. Dette skal gjerast med ei melding om oppfinning (Disclosure of Invention, DOFI) til VIS – Vestlandets innovasjonsselskap. VIS er UiBs teknologioverføringskontor, og opptrer på vegne av UiB i kommersialiseringsprosessar.

Når eit arbeidsresultat blir meldt inn for mogleg kommersialisering skal instituttleiari informerast.

3.4 Særskild om samarbeid med andre verksemdar

Dersom universitetet inngår avtaler med tredjepartar om forskningssamarbeid eller -finansiering, slik som bidrags- og oppdragsverksemd, vil fordelinga av rettar ofte vere avtalt særskild. I slike tilfelle må tilsette og studentar respektere fordelinga som følgjer av desse avtalene.

Slikt samarbeid skal avtalast skriftleg og oppfylle offentlege krav, slik som universitets- og høyskolelovens forbod mot varig hemmelegghald av forskingsresultat, innsyn etter offentleglova, forbod mot statsstøtte, og Reglement om statlige universiteters og høyskolars forpliktende samarbeid og erverv av aksjer (rundskriv F-07-13).

UiB kan ikkje direkte eller indirekte subsidiere aktivitetar ved samarbeidande verksemdar.

4. Ulike former for kommersialisering

Kommersialisering av immaterielle verdiar produsert ved Universitetet i Bergen skal i utgangspunktet skje gjennom lisensavtaler. Kommersialiseringa kan òg skje ved sal av verdiane, ved at eit selskap blir oppretta, eller på andre måtar. Val av modell med tilhøyrande prisfastsetjing og økonomiske vilkår skal skje i dialog mellom teknologioverføringskontor, idéhavar og instituttleiari. I val av modell og avtalepartner skal teknologioverføringskontoret sørge for at avtalane er i samsvar med UiB sitt samfunnsansvar om

berekraftig utvikling, og følgjer UiB sine etiske retningslinjer for tilsette. Vidare bør avtalene innehalde krav om aktiv utnytting av dei immaterielle rettane for å oppnå breiast mogleg bruk av forskingsresultat. Kommersialisering skal vere basert på ei verdsetjing til marknadsvilkår.

5. Inntektsfordeling ved kommersialisering

Ein rettvis og transparent deling av inntekter frå kommersialisering er eit verkemiddel for at UiB skal lukkast med innovasjon og verdiskaping. Inntektsfordelinga skal stimulere både tilsette og fagmiljø til innovasjon, og gi inntekter som bidreg til meir innovasjonsaktivitet.

5.1 Fordeling mellom oppfinnar, fagmiljø og UiB som institusjon

Utgangspunktet for fordeling av inntekter er at desse skal delast mellom oppfinnarar, fagmiljø og institusjon. Fagmiljø kan vere fakultet, institutt eller aktuell forskingsgruppe. Viktige perspektiv her er at forskingsresultat og avleidde innovative idéar blir skapt i ein kontekst kor ressursar i form av infrastruktur og personar utover dei som har oppfinnarandelar, bidrar. Ei vellukka kommersialisering viser innovasjonskraft og -potensiale. Fordelinga til forskingsmiljøet skal gi både ressursar og vidare motivasjon til å utløyse dette større potensialet. Det er opp til fakultet eller institutt å avgjere korleis inntektene skal fordelast til fagmiljøet rundt oppfinnaren.

Utgifter til prosjektet er vanlegvis dekkja gjennom finansiering frå grunnløyving eller frå eksterne finansiørar, tenestekjøp eller ved at kjøpar av teknologien dekker utgifter til patentering og anna. Det er inntektene knytt til lisensiering, sal eller anna kommersiell utnytting av arbeidsresultatet, som skal fordelast. Det er altså ikkje snakk om inntektene frå sal av produkt, tenester eller anna som er basert på denne teknologien.

Kommersialiseringa skal ta utgangspunkt i marknadsverdien av arbeidsresultata.

For å stimulere tilsette og fagmiljø er det tenleg å dele inntektene frå kommersialisering inn i to trinn:

Første trinn: Inntekter opp til 1 000 000 kroner (indeksregulert) blir delt likt mellom oppfinnarar og institutt. Instituttet avgjer korleis midla skal brukast for å fremje vidare innovasjonsarbeid

Andre trinn: Inntekter over 1 000 000 kroner (indeksregulert) følger tredelingsmodellen med 1/3 til oppfinnarane, 1/3 til fakultet og 1/3 til UiB. Fakultetet avgjer korleis midla skal brukast for å fremje vidare innovasjonsarbeid.

I tilfelle der ein ikkje kan dele inn i to trinn, til dømes dersom verdien av inntektene er usikker, må inntektsfordelinga ta utgangspunkt i tredelingsmodellen.

5.2 Fordeling mellom institusjonar

Når forskingsresultat blir skapt i samarbeid mellom fleire einingar ved UiB eller med andre institusjonar, skal eigarskap og inntekter fordelast basert på oppfinnarandelar. Dersom forskarar frå ulike institutt eller fakultet ved UiB bidreg til eit resultat, skal fordelinga mellom einingane reflektere oppfinnarandelane som er oppgitt i DOFI (Disclosure of Invention). Justeringar kan gjerast basert på vidare arbeidsinnsats etter innmelding av DOFI.

UiB bør til ein kvar tid ha rammeavtarar med helseføretak og forskingsinstitutt som regelmessig opptrer som hovud- eller sidearbeidsgivarar. Desse avtalene kan leggje til rette for langsiktig og resultatorientert samarbeid, til dømes med ei 50/50-fordeling som standard. Rammeavtarar kan òg innehalde malar for spesifikke prosjektavtarar.

Forskarar ved UiB som har sidegjeremål hos andre arbeidsgivarar, skal saman med instituttleiar identifisere potensielle problemstillingar knytt til immaterielle rettar og ta initiativ til oppfølgingssamtaler med eksterne arbeidsgivarar for å etablere gjensidige avtalar i tråd med UiB sine prinsipp.

For Phd-kandidatar som er tilsette hos annan arbeidsgivar, må rettane til arbeidsresultat avklarast i avtale med UiB. Bidrag i form av rettleiing, kompetanse eller infrastruktur kan òg gi grunnlag for at UiB skal ha ein del av dei immaterielle rettane. Fagmiljøet skal vere involvert i utforminga av desse avtalane.

Ved oppdragsforskning vil eigedomsretten til arbeidsresultata som hovudregel overførast til oppdragsgivar. UiB skal i utgangspunktet sikre rett til å bruke resultata til forskning, undervisning og publisering. Slik rett skal gå fram av oppdragskontrakten. I bidragsfinansierte forskingsprosjekt skal eigarskap og bruksrett til resultata vere regulert i avtale mellom samarbeidspartnarane, med utgangspunkt i at kvar part eig resultata dei sjølve skaper.

6. Handtering av terminering

Det kan vere tilfelle der UiB ikkje har høve til eller ønskjer å kommersialisere eit arbeidsresultat, heretter kalla ikkje-overtaking. I tilfelle der eit arbeidsresultat er forsøkt kommersialisert utan hell vil prosjektet bli avslutta, heretter kalla terminering. I slike tilfelle kan det likevel vere samfunnsstenleg at oppfinnaren eller andre prøver å kommersialisere arbeidsresultatet.

Når eit arbeidsresultat blir meld inn for mogleg kommersialisering skal teknologioverføringskontoret informere instituttleiar. Dette skal òg skje ved avgjerd om ikkje-overtaking og terminering, slik at fagmiljøet kan ta stilling til om dei ønskjer å vidareutvikle prosjektet for eigen kostnad. I tilfelle der fagmiljøet ikkje ønskjer å vidareutvikle prosjektet, står arbeidstakar i utgangspunktet fritt til å vederlagsfritt utnytte arbeidsresultata kommersielt sjølv eller gjennom andre. Dette gjeld så langt det ikkje er i strid med plikter eller avtaler med tredjepart, eller med arbeidstakars andre plikter mot arbeidsgivar.

UiB har i alle høve rett til å bruke arbeidsresultata til undervisnings- og forskingsformål utan vederlag.

Eventuell vidarelisensiering til ikkje-kommersielle samarbeidspartnarar må avklarast ved terminering.

I tilfelle der prosjektet skal utviklast vidare av oppfinnar eller andre skal det lagast ein avtale mellom UiB og oppfinnar som klargjer føringar med omsyn til bruk av arbeidstid og ressursar frå UiB, samt rapporteringsrutinar og inntekter til UiB frå kommersialisering.

7. Innovasjon for studentar

I utgangspunktet eig studentane sine egne arbeidsresultat, men for studentar som deltek i prosjekt der UiB pliktar å ha kontroll over arbeidsresultat, eller for aktivitetar som i vesentleg grad er initiert av eller der tilsette ved UiB har gitt avgjerande bidrag, må det inngåast egne avtalar.

Ein avtale må avklare om prosjekt byggjer på UiBs immaterielle rettar, eller om studenten sjølv har ideen til og gjennomfører prosjektet aleine. Korleis rettleiar har eller opparbeider seg rettar til prosjektet bør spesifiserast.

For studentprosjekt som inngår i eksterntfinansierte aktivitetar der UiB har inngått avtale om å ha kontroll på arbeidsresultata, trengst det ein avtale som viser kva plikter UiB har tatt på seg, og korleis desse avgrensar rettane til studenten. I alle høve skal UiB ha rett til å bruke resultat, immaterielle rettar, data og fysisk materiale til kjerneoppgåvene til universitetet.

Der studentar saman med tilsette bidreg til prosjekt som blir kommersialiserte skal dei ha like rettar som tilsette.

8. Open innovasjon og akademisk fridom

Openheit, transparens og deling av kunnskap er grunnleggande for Universitetet i Bergen. Open vitskap er viktig både for kunnskapsutvikling, for å sikre integriteten til forskinga og gjere ho meir tilgjengeleg. I tråd med UiBs politikk for open vitskap skal universitetet òg jobbe for meir open innovasjon. For graden av open innovasjon må ein i kvart tilfelle vurdere kva som gjev størst samfunnsnytte. Omgrepet open innovasjon inneber at innovasjonen ikkje berre skjer innanfor UiB, men i samspel med ulike aktørar, til dømes andre forskingsinstitusjonar, næringsliv og forvaltning. Ofte blir kunnskapen delt fritt, slik at flest mogleg kan nytte seg av han. Men open innovasjon kan òg innehalde kommersielle forretningsmodellar. Forskarar og undervisarar har fridom til å publisere patenterbare oppfinningar, etter først å ha varsla arbeidsgivar skriftleg om oppfinninga. Retten til å publisere gjeld ikkje dersom UiB har avtalt noko anna med tredjepartar.

Både Norges Forskningsråd og EU har sikring av retten til arbeidsresultat med i alle sine kontraktar, men ønskjer òg mest mogleg open innovasjon. EU krev på si side at ein først sikrar eigarskap til arbeidsresultat, og deretter publiserer. Sikring skal vurderast dersom det er ein rimeleg sjanse for at prosjektet kan ha ein kommersiell verdi, og det skal vurderast om det er mogleg, rimeleg og rettferdig å sikre eigarskap til arbeidsresultatet.

UiB må òg sjå til at immaterielle rettar blir sikra i opne innovasjonsprosessar, slik at dei kan komme til nytte for samfunnet. Mange oppfinningar har ein lang og dyr veg fram til ein marknad der dei kan komme til nytte. Å sikre immaterielle rettar kan vere naudsynt for å kunne finansiere ei slik kommersialisering.